

# **Mellombels forskrift om førebygging av koronasmitte (covid-19), Øygarden kommune, Vestland**

Øygarden formannskap vedtok 19.03.2021 forskrift om førebygging av koronasmitte for Øygarden kommune gjeldande frå og med klokka 00.00 laurdag 20.03.2021.

## ***Bakgrunn***

Den raske smitteauken i landet, samt auka smittetal i Øygarden kommune med auka del av muterte koronavirus variantar krev skjerpa smitteverntiltak lokalt.

## ***§ 1 Føremål***

Forskrifta skal vera med å hindra eller avgrensa smitte av koronaviruset (SARS-CoV-2) gjennom tiltak som er tilpassa tilhøva.

## ***§ 2 Verkeområde***

Forskrifta gjeld alle personar, organisasjonar og verksemder med fast eller mellombels opphald i Øygarden kommune.

## ***§ 3 Munnbind***

I situasjonar i det offentleg rom der ein ikkje kan overhalda 1 meter avstand til andre enn dei ein bur saman med til vanleg, skal alle over 12 år nytta munnbind i følgjande situasjonar;

- Kollektivtransport/taxi
- Butikkar, kioskar og bensinstasjonar
- Tilsette med eín til eín kundekontakt
- Trus- og livssynshus
- Besøkande ved sjukeheimar
- Serveringsstader med unntak av når ein sit med sitt tilviste bord

Plikt til å bruka munnbind gjeld også tilsette ved desse stadene når andre smitteverntiltak som visir, skiljeveggar og liknande ikkje er mogleg.

## ***§ 4 Tal personar som kan vera til stades på eit arrangement***

Arrangement og private samkøper på offentlig stad eller i leigde/lånte lokale kan gjennomførast innandørs med inntil 10 personar (jf. covid-19-forskrifta § 13 første ledd bokstav a til e).

For innandørs idrettsarrangement for utøvar under 20 år som høyrer til idrettslag i same kommune er grensa 50 personar. 50 personar er også grensa for innandørs arrangement med faste tilviste plassar.

Arrangement utandørs på offentlig stad kan gjennomførast med inntil 100 personar, likevel 300 personar der alle i publikum sit på faste tilviste plassar (jf. covid-19-forskrifta §13 første ledd bokstav a til e).

Ein viser også til nasjonale tilrådingar om at arrangement bør utsetjast eller avlysast om dei samlar personar frå fleire kommunar. Dette gjeld både innomhus og utomhus.

Du bør som hovudregel ikkje delta på arrangement i ein annan kommune. Dette gjeld ikkje ved gravferder.

## **§ 5 Ansvar**

Øygarden kommune tek ikkje på seg økonomisk ansvar som skulle følgja av pålagte tiltak etter denne forskrifta.

## **§ 6 Straff**

Forsettleg eller grovt aktlaust brot på reglane i denne forskrifta eller vedtak gjeve med heimel i forskrifta er straffbart, jf. lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 8-1.

## **§ 7 Iverksetjing og varigheit**

Forskrifta vert sett i verk 20. mars 2021 kl. 00:00 og gjeld til og med 18. april 2021 kl. 24:00.